



Det er ikkje berre tyskarar som stillar opp med mange feriegjestar på eitt brett i Uskedalen - det gjer også øyningane. Og kven er så øyningane? Det er dei som kjem frå Osterøy - den største innlandsøya i landet, lærte vi på skulen. No ligg det 3 staselege båtar frå denne øya ved Sandakaaien og dei 14 øyningane ombord feriekosar seg i bygda. 2 båtar er frå Lonevåg og 1 frå Valestrand.

Dei har ikkje vald Uskedalen framfor Husnes, slik vi trudde. Dei har hatt begge stadane som utgangspunkt for mål i fjellet.

Til dømes gjekk dei frå Husnes til Svartavatnet og Manen medan Englafjell er eit naturleg mål med Uskedalen som utgangspunkt.

Fjellet er hovudgrunnen til at gruppa frå Osterøy ferierar hos oss. Det er 8 born i gruppa og dei er frå 2 til 14 år.

Men i ei venegruppe som denne er det nokre som er meir fjellvante enn andre og dei som ikkje vil til fjells kosar seg ved kaia. Og øyningane er begeistra over eit godt aktivitetstilbod også for borna, til dømes den fine asfaltflata som er ideell å køyra på for dei som er hekta på brett. Og det er i høgste grad Anders Bergan (12) og Emil Solberg (14) på biletet over.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen